# VEDTEKTER FOR Indre Sunnfjord Turlag (IST)
# Vedteke 03.11.2026

## § 1 FØREMÅL OG ORGANISASJON

### § 1.1 Føremål

Indre Sunnfjord Turlag (heretter IST) er DNT Sogn og Fjordane sitt lokallag for kommunane Askvoll, Fjaler og Sunnfjord. IST skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, for sikring av allemannsretten og friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag.

### § 1.2 Organisasjon

IST er ein integrert del av DNT Sogn og Fjordane. Aktiviteten i IST skal skje i samsvar med DNT Sogn og Fjordane sine vedtekter. Aktivitetane skal til kvar tid skje innanfor ramma av DNT Sogn og Fjordane sine føringar, og skal vere i samsvar med retningsliner og samarbeidsavtale inngått mellom partane.

IST blir representert i DNT gjennom DNT Sogn og Fjordane.

### § 1.3 Medlemskap

Medlemskap i IST er ope for alle enkeltpersonar som ønskjer å bli medlem. Medlemmer er alle som har betalt kontingent til DNT, inntil utmelding skjer, eller medlemmen blir stroken som følgje av manglande kontingentinnbetaling.

Alle medlemmer i DNT er automatisk også medlem i IST dersom dei bur i IST sitt medlemsområde, og ikkje reserverer seg mot medlemskap i IST. Medlemmer av IST som er busette utanfor medlemsområdet, kan bli medlem i IST om dei ønskjer det.

Medlemmene har forslags- og stemmerett gjennom lokallaget på årsmøtet, og kan bli valde til alle tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år.

Alle medlemmer i IST er medlem av DNT og har medlemsrettar ved besøk på alle medlemsforeiningane sine  hytter og ved deltaking på turar, kurs og andre tilbod.

Medlemskontingenten vert fastsett av DNT.

## § 2 ÅRSMØTET

### § 2.1 Høgste mynde

Årsmøtet er IST sitt øvste organ.

### § 2.2 Deltaking og stemmerett

Røysterett på årsmøtet har alle medlemmene som har betalt kontingent for inneverande år. Medlemmer som har fylt eller fyller 15 år i valåret, kan veljast inn i hovudstyret.

Ingen har meir ein ei stemme på årsmøtet, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt. Med unntak av §§ 8 og 9, vert årsmøtevedtak gjort ved fleirtal av dei avgjevne stemmene. Styret i IST har forslags-, tale- og stemmerett under årsmøtet.

**§ 2.3 Innkalling**

Ordinært årsmøte skal vere avvikla innan utgangen av februar månad kvart år. Innkallinga skal gjerast offentleg på heimesida til IST og på sosiale media, og kunngjerast med minst 4 vekers varsel.

Innkallinga skal innehalde tid, stad, sakliste og andre opplysningar om møtet.

**§ 2.4 Fristar**

Saker som medlemmene vil ta opp på årsmøtet må vere styret i hende minst 2 veker før årsmøtet.

Styret gjer fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet skal haldast.

**§2.5 Årsmøtet sine oppgåver**

Årsmøtet skal:

a. Godkjenne innkalling og sakliste

b. Velje ordstyrar og skrivar

c. Velje to til å skrive under årsmøteprotokollen

d. Godkjenne årsmelding

e. Godkjenne rekneskap

f. Handsame arbeidsplan og budsjett

g. Handsame innkomne saker

h. Velje styre, nemnder o.l. i samsvar med § 3

**§ 2.6 Ekstraordinært årsmøte**

Dersom DNT, styret eller minst 25 medlemmer krev det, skal det kallast saman til ekstraordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame den saka (dei sakene) som er grunnlag for møtet, og som er nemnd i innkallinga.

## § 3 STYRET

**§ 3.1 Styret sitt mynde og oppgåver**

IST vert leia av eit styre med leiar og inntil 8 styremedlemmer.

Styret sin leiar kallar inn til styremøte. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styret sine medlemmer er til stades. Ved likt tal stemmer er leiaren si stemme avgjerande.

Styret si oppgåve er å leie IST i samsvar med vedtektene og føringar frå DNT Sogn og Fjordane. Styret er bunde av retningsliner, samarbeidsavtalar og ev. vedtak av DNT Sogn og Fjordane.

**§ 3.2 Samansetjing og val av styret**

**§ 3.2.1 Samansetjing av styret**
Styret er samansett av leiar, to styremedlemmer og leiarane for dei ulike gruppene (fjellsportgruppa, Barnas turlag, IST Ung, seniorgruppa, hyttestyret og sti- og merkegruppa).

**§ 3.2.2 Val til styret og nemnder**

Årsmøtet skal velje

a) Leiar vert vald for 1 år

b) 2 styremedlemmer for 2 år. 1 og 1 styremedlem er på val kvart år.

Vidare vel årsmøtet:

c) Fjellsportgruppe på 4 medlemmer (inkl leiar) og 1 varamedlem. 2 og 2 av medlemmene er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert vald av årsmøtet for 2 år. Varamedlem vert vald for 1 år.

d) Hyttestyre på 4 medlemmer (inkl leiar) og 1 varamedlem. 2 og 2 av medlemmene er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert vald av årsmøtet for 2 år. Varamedlem vert vald for 1 år.

e) Seniorgruppe på 4 medlemmer (inkl leiar) og 1 varamedlem. 2 og 2 av medlemmene er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert vald av årsmøtet for 2 år. Varamedlem vert vald for 1 år.

f) Sti- og merkegruppe på 4 medlemmer (inkl leiar) og 1 varamedlem. 2 og 2 medlemmer er på val kvart år. Årsmøtet vel leiar og nestleiar for to år. Varamedlem vert vald for 1 år.

g) Ungdomsgruppe på 3 eller fleire medlemmer (inkl leiar). Medlemmene er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert vald av årsmøtet for 1 år.

h) Barnas Turlag på 3 eller fleire medlemmer (inkl leiar). Medlemmene er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert vald av årsmøtet for 1 år.

Andre val:

Årsmøtet skal også velje:
2 utsendingar med 2 vararepresentantar til årsmøtet i DNT Sogn og Fjordane
2 revisorar for 1 år
Valnemnd på 3 medlemmer der ein er på val kvart år. Årsmøtet vel leiar. Sjå § 4.

**§ 3.3 Styret sitt arbeid**

Styret er laget sitt øvste organ mellom to årsmøte, og skal leie arbeidet i laget i tråd med føremål, arbeidsoppgåver, arbeidsplan og budsjett.

Styret vel nestleiar for eitt år.

Styret kan oppnemne nemnder for løysing av konkrete oppgåver.

Styret vert innkalla av leiaren så ofte som behovet tilseier, eller når minst 5 av styret sine medlemmer krev det. Styret kan gjere vedtak når eit fleirtal av medlemmene deltek. Ved likt tal stemmer er leiaren si stemme avgjerande. Innkalling til, og referat frå styret sine møte er tilgjengeleg for medlemmene, med mindre styret avgjer noko anna i kvar einskild sak.

<u>IST sine hovudarbeidsoppgåver er:</u>

- Skipe til varierte turar, sommar som vinter, og presentere turane i eit årleg turprogram.
- Varde og merkje ruter innanfor eige interesseområde.
- Gje uttaler i naturforvaltningssaker i dei aktuelle medlemskommunane, og når det er liknande saker i tilgrensande område med konsekvensar for IST sitt interesseområde.
- Ta vare på og forvalte fast eigedom (hytter) på ein forsvarleg måte.

**§ 3.4 Signatur**

IST er formelt/juridisk bunde ved underskrift av leiar og ein av styret sine andre medlemmer i fellesskap.

## § 4 VALNEMNDA

### § 4.1 Samansetjing og val av valnemnda

IST skal ha ei valnemnd på 3 medlemmer valde av årsmøtet, og der ein medlem er på val kvart år. Årsmøtet vel leiar.

### § 4.2 Mynde og oppgåver for valnemnda

Valnemnda skal innstille til val av styre. Årsmøtet fastset ev. retningsliner for valnemnda sitt arbeid.

## § 5 INHABILITET

Ein medlem av styret eller andre tillitsvalde i lokallaget kan ikkje vere med på å handsame eller avgjere spørsmål der vedkomande eller hans/hennar nærståande må reknast å ha ei klar personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Ved avgjerd om nokon er nærståande etter denne regelen, gjeld aksjelova sine regler tilsvarande.

## § 6 HEIDERSTEKN - ÆRESMEDLEMSKAP

Heidersteikn og æresmedlemsskap i IST kan tildelast personar som har gjort eit særleg stort og omfattande arbeid for laget. Styret vert tillagt retten til å gje slik tildeling.

## § 7 BROT PÅ DNT SITT REGELVERK

Medlemmer i IST som gjer seg skuldig i grove brot mot DNT sitt etiske regelverk slik det er vedteke av DNT sine organ, kan få irettesetjing, tape retten til tillitsverv eller tape retten til medlemskap i foreininga. Styret kan handsame slike saker. Ein medlem som er ilagt sanksjonar som nemnt framfor, kan bringe saka inn for landsstyret eller domsutvalet til endeleg avgjerd i samsvar med DNT sine vedtekter § 12.2.

## § 8 OPPLØYSING

IST kan bli oppløyst på årsmøte med minst ¾ fleirtal, og vedtak må takast opp att med same fleirtal på eit etterfølgjande ekstraordinært årsmøte som vert halde minst 4 veker seinare. Dersom IST vert oppløyst, skal laget si eige overførast til DNT Sogn og Fjordane.

## § 9 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektene kan endrast ved vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtektsendringar skal vere oppført på saklista og krev 2/3 fleirtal av avgjevne stemmer.